



## SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for kultur og levekår	03.09.2024	041/24

Saksbehandlar:	Arkivsak - dok.nr	24/2971 - 1
Else Marie Sandal	Journalpostnr.	24/24420

### Kulturmiljøplan for Ullensvang kommune, framlegg til Planprogram

#### Saka blir avgjort av:

Utval for kultur og levekår

#### Tilråding frå rådmannen:

Utval for kultur og levekår vedtek å sende Planprogrammet til Kulturmiljøplan for Ullensvang kommune 2025-2035 på høyring i minimum 6 veker.

**03.09.2024 Utval for kultur og levekår**

#### Behandling

##### Habilitet

Ingvild Hauso stillte spørsmål om eigen habilitet og informerte om bakgrunnen for dette (avdelingsleiar ved Hardanger og Voss museum).

Utalet vedtok samrøystes at ho var habil.

##### Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

**UKL – 041/24 Vedtak**

Utvil for kultur og levekår vedtek å sende Planprogrammet til Kulturmiljøplan for Ullensvang kommune 2025–2035 på høyring i minimum 6 veker.

#### Saksopplysningars:

Hardanger-regionen har ein rik kulturarv som er svært viktig å ta vare på og formidle. Den nye kommunen omfattar eit breidt spekter av kulturmiljø og kulturminne, både materielle og immaterielle; frå mellomalderminne til industrielle kulturminne i Odda og Tyssedal, til ulike lokale tradisjonar knytt til folkemusikk og båtbygging med meir. Ein felles kulturmiljøplan vil bidra til å samla trådane frå dei tre tidlegare kommunane. Målet er å lage ei felles oversikt og strategi for bevaring, formidling og forvaltning av den kulturelle arven i nye Ullensvang kommune.

Kulturmiljøplanen er ein del av planstrategien i Ullensvang kommune for 2024–2028.

Etter kommunesamanslåinga i 2020, der gamle Odda kommune, Ullensvang herad og Jondal kommune vart slått saman, har det vore eit mål om å lage ein felles kulturmiljøplan for nye Ullensvang kommune.

Kulturmiljøplan er eit viktig verktøy i forvaltning av kulturmiljø og kulturminne som ein ikkje-fornybar ressurs i kommunen.

Ikkje-fornybare ressursar er avhengige av at dei vert teke vare på for å ikkje gå tapt for alltid.

Difor må arbeidet med best mogleg forvaltning og prioritering vere sentralt i dette planarbeidet

#### Organisering av arbeidet med planprogrammet og planen:

##### Administrativ arbeidsgruppe frå Ullensvang kommune

**Oppdragsgjevar/prosekteigar:** Kristian Bondhus-Jensen, kommunalsjef Kultur, næring og samfunn, Ullensvang kommune

**Prosjektleiar:** Viola Starr, samfunnsplanleggjar, Ullensvang kommune (UK)

- Viola Starr,
- Frank Aleksander Høyland(samfunnsplanleggjar, UK),
- Else Marie Sandal(verksemdsleiar bibliotek og kultur, UK)
- Wermund Vetrhus (verksemdsleiar plan og samfunnsutvikling, UK),
- Relevant fagleg bistand frå konsulentselskap der det vert naudsynt
- 

##### Referansegruppe

**Hardanger og Voss museum:**

Ingvild Hauso

Åsmund Kristiansen

Randi Bårtvedt

**Agatunet:** Guttorm Rogdaberg

**Røldal:** Margit Gjørv

**Kraftmuseet:** Åsne Dolve Meyer

**Bygdetunet Jondal:** Olaug Værland

**Herand bygdelag:** Ole Gisle Vassel

**Hardanger Historielag:** Brita Jordal

**Hesthamar skrivargard:** Otto van Etten eller Aud Marit Eitrheim

**Sentralbadet Litteraturhus:** Ingvild Ystanes

Oppstartmøte med referansegruppa vart gjennomført 18.juni 2024.

Det var stort engasjement i gruppa og administrasjon fekk svært nyttig og relevant tilbakemelding på planprogram.

Ullensvang kommune ynskjer at arbeidet med planen skal gjennomførast i tett dialog med ressursgruppe,

og at også innbyggjarane generelt skal inviterast inn og involverast undervegs.

Til dømes ynskjer me at det skal gjennomførast temakveldar og kulturvandringar rundt omkring i kommunen.

### **Vurdering:**

Det er eit stort, viktig og etterspurt arbeid som no er starta ved framlegget til planprogram for ein kulturmiljøplan for heile Ullensvang kommune. Arbeidet er viktig både som prosess og som ferdig plan:

### **Kulturmiljøplanen sitt potensiale:**

- Setje kulturmiljø/minner på den politiske dagsorden, og skapa engasjement, forankring og involvering blant innbyggjarane
- Setje fokus på alle deler av den rike og mangfoldige kulturarva som me har i kommunen samla sett.
- Seie noko om sæskilte satsingsområde
- Setje fokus på kommunen sin rolle og ansvar i arbeidet med kulturmiljø
- Setje fokus på kritiske faktorar som økonomi, klima og kompetanse

### **Økonomiske konsekvensar:**

#### **a. Driftskonsekvensar i planprosessen:**

- Kostnadar knytt til møter, medverkning, kompetanseinnhenting og studieturar
- Kostnadar knytt til kjøp av konsulenttenestar

### **Samandrag konklusjon:**

Utval for kultur og levekår vedtek å sende Planprogrammet til Kulturmiljøplan for Ullensvang kommune 2025–2035 på høyring i minimum 6 veker.